




Finansdepartementet
Skattelovavdelinga
Postboks 8008 Dep

0030 Oslo



**VEDK. HØYRING OM SKATTEOPPKREVJARUTVALET SI UTGREIING
NOUR 2004:14. BETRE SKATTEOPPKREVJING**

Denne saka var handsama i Sykkylven formannskap 30.8.2004 og det vart gjort slikt vedtak:

1. Sykkylven kommune meiner skatteinnskrevjinga framleis må vere ei kommunal eller felleskommunal oppgåve. Erfaringane vi har med skatteinnskrevjing som ei kommunal oppgåve er svært positive. Mellom anna med omsyn til innbyggjarane sin rettstryggleik, brukarvennlegheit i skatteinnskrevjinga, ivaretaking av lokaldemokratiet gjennom folkevald innsyn og kontroll, og ikkje minst den gode løysingsgraden for inndrivning av skattekrav, gjer at Sykkylven kommune meiner skatteinnskrevjinga framleis må vere ei kommunale oppgåve. Organisering av skatteinnskrevjinga lokalt har også positive effektar i høve anna kommunal forvaltning, fordi skatteoppkrevjinga skjer i same miljø som den andre kommunale økonomiforvaltninga og bidreg til eit breitt fagleg miljø.
2. Kvaliteten på skatteinnskrevjinga i Noreg er svært god. Sykkylven kommune miner det finns fleire forbedringsmulegheiter som kan betre skatteinnskrevjinga ytterlegare i Noreg. Dei kan gjennomførast innafør ramma av fortsatt kommunalt og lokalt ansvar for skatteinnskrevjinga.

Kopi av saksutgreiing og vedtak følgjer vedlagt.

Med helsing
Sykkylven formannskapskontor

Eldbjørg Ramsvik
Eldbjørg Ramsvik



**Sak F 82/04: HØYRING OM SKATTEOPPKREVJARUTVALET SI UTGREIING –
NOU 2004:15. BETRE SKATTEOPPKREVJING**

Anr. 203

**I FORMANNSKAPET
30. august 2004**

Jan Kåre Aurdal, Olav Harald Ulstein, Jarle Tusvik, Renate Karlsen, Torbjørg Midtgård,
Otto Magne Strømmegjerde, Petter Velle, Dag Flacké, Torhild Rogne Emdal

Samrøystes vedtak:

1. Sykkylven kommune meiner skatteinnkrevjinga framleis må vere ei kommunal eller felleskommunal oppgåve. Erfaringane vi har med skatteinnkrevjing som ei kommunal oppgåve er svært positive. Mellom anna med omsyn til innbyggjarane sin rettstryggleik, brukarvennligheit i skatteinnkrevjinga, ivaretaking av lokaldemokratiet gjennom folkevald innsyn og kontroll, og ikkje minst den gode løysingsgraden for inndrivning av skattekrav, gjer at Sykkylven kommune meiner skatteinnkrevjinga framleis må vere ei kommunale oppgåve. Organisering av skatteinnkrevjinga lokalt har også positive effektar i høve anna kommunal forvaltning, fordi skatteoppkrevjinga skjer i same miljø som den andre kommunale økonomiforvaltninga og bidreg til eit breitt fagleg miljø.
2. Kvaliteten på skatteinnkrevjinga i Noreg er svært god. Sykkylven kommune meiner det finns fleire forbedringsmulegheiter som kan betre skatteinnkrevjinga ytterlegare i Noreg. Dei kan gjennomførast innafor ramma av fortsatt kommunalt og lokalt ansvar for skatteinnkrevjinga.

Sykkylven, 31. august 2004
Rett utskrift:

Eldbjørg Råmsvik
Eldbjørg Råmsvik

Eksp.:
Finansdep. Skattelovavdelinga
Skatteoppkrevjaren



Sykkylven formannskap, sak **82/04**

HØYRING OM SKATTEOPPKREVJARUTVALET SI UTGREIING - NOU 2004:15. BETRE SKATTEOPPKREVJING

Som vedlegg følgjer:

- brev av 1.7.04 frå økonomisjefen
- skriv av 2.7.2004 frå KS
- samandraget i skatteoppkrevjarutvalet si tilråding

Bakgrunn for saka

Skatteoppkrevjarutvalet er sett ned for å vurdere korleis skatteinnkrevjinga bør vere i framtida og kva tiltak som elles er aktuelle for å få til betre innkrevjing. Utvalet si tilråding er sendt på høyring med frist til 1.10.2004.

Saksopplysning

Det nedsette utvalet har med eit fleirtal på 5 av 7 medlemmer gått inn for at skatteinnkrevjinga vert statleg. Dei to andre medlemmene går inn for at skatteinnkrevjinga framleis skal vere kommunal.

Argumenta for dei ulike syna går delvis fram av vedlegga.

Både brevet frå økonomisjefen og frå KS er langt på veg ein argumentasjon for framleis kommunal skatteinnfordring.

Sykkylven kommune har 1,6 årsverk direkte knytt til skatteinnfordring. Utover det brukar andre tilsette delar av sine stillingar til dette arbeidet. Kommunen brukar difor i dag ca 2 årsverk til skatteinnfordringa.

Sykkylven kommune innfordra i 2003 ca kr 587.144.383 i skattar og avgifter. Restanse pr. 31.12.03 utgjorde kr 10.249.693.

Kommunen sin andel av innfordra skatt utgjorde i 2003 kr 112.977.064.

Kommunane kan i liten grad påverke sin eigen skatteinngang på kort sikt. Det er klart at auka skattegrunnlag (auke i antal innbyggjarar, arbeidstakarar med meir) vil gi auka innfordra skatt, men ordninga med løpande inntektsutjamning medfører at kommunar med god skatteinngang i stor grad er med og hevar skatten for kommunar med svak skatteinngang.

Når Sykkylven pr juni 04 t.d. har ein auke i skatteinngangen på ca 20%, så medfører utjamningsordninga at ein netto faktisk har ein reduksjon samla. Dette må sjåast opp mot argumenta om å påverke sitt eige inntektsgrunnlag.

Når no delar av selskapsskatten skal attendeførast til kommunane, så kan kommunane få eit auka insitament for å tilrettelegge for auka arbeidsplassar og derigjennom auka inntekter. Dagens ulike utjamnings- og fordelingsordningar gjev likevel svært usikker effekt (innpendling, utpendling, fordeling av selskapsskatt etter arbeidsplassar med meir).

Argumenta for statleg skatteinnfordring kan stikkordmessig oppsummerast slik:

- betre ressursutnytting



- sterk variasjon i innfordring frå kommune til kommune
- små kommunar har sårbare innfordringsmiljø
- større kontor kan ha betre høve til oppgradering av kunnskap og spesialisering
- skatteinnfordring er i stor grad ei regelstyrt oppgåve med liten grad av lokalt skjønn eller politisk påverknad
- nærleik til skatteytar er ikkje stor i store kommunar
- det faglege og administrative ansvar for skatteinnfordring bør ligge på same stad
- statleg innfordring er like effektiv som kommunal innfordring
- statleg innfordring kan ikkje innverke på rettsikkerheit. Den må vere like god uansett ordning
- Sverige har statleg skatteinnfordring og brukar mindre ressursar på dette enn Noreg
- ikkje grunn til å tru at skatteprovenyet vil gå ned med statleg innfordring

Argumenta for framleis kommunal skatteinnfordring kan stikkordsmessig oppsummerast slik:

- gode erfaringar
- har god kompetanse og kvalitet
- kan dokumentere høg prosent innfordring i høve til grunnlag
- har god rettsikkerheit
- stor nærleik til skatteytar, god brukarservice
- innfordring under folkevald kontroll og innsyn
- effektiv drift og ressursbruk
- viktige synergieffektar mot anna kommunal innfordring
- distriktpolitiske omsyn (arbeidsplassar, kompetanse, med meir)
- betydelege omstillingskostnader
- viktig å ha skilje mellom fastsetting av skatt (likning) og innfordring

Vurdering

Det er ikkje vanskeleg å sjå og vere samd i argumenta både for statleg og framleis kommunal skatteinnfordring.

Ein må også evne å sjå at tilhøva og argumenta er svært ulike for dei minste kommunane og dei største. Regelverket skal likevel vere likt.

Ein må elles evne å skilje mellom det som kan oppfattast som meir subjektive argument og nøytrale argument. Saka kan også sjåast frå ulike utgangspunkt som stat, kommune eller skattebetalar. Då kan vinklinga i høve til dei ulike argumenta også variere.

Alle bør vere samd i at det sentrale må vere å få ei mest mogleg effektiv skatteinnfordring. Framlagt talmateriale tyder på at statleg innfordring og store kontor er minst like effektivt som små kontor (alle kommunar).

Effektiv innfordring vil vere avhengig av kompetanse og noko robuste fagmiljø. Det talar for større kontor.

Rettsikkerheit er ein rett kvar skatteytar har krav på. Dette må vere like godt uansett organisering. Det er vanskeleg å sjå at rettsikkerheit skal verte betre med kommunal innfordring i høve til statleg.

Argumenta om nærleik mellom innfordrar og skatteytar kan vere viktig, men samtidig må ein stille spørsmål ved kor stor nærleiken vert i store kommunar. I så fall er dette eit argument som berre passar i små kommunar.

At skatteinnfordringa er underlagt folkevald kontroll og innsyn kan det stillast spørsmål ved. Reelt sett er det berre skatteutvalet som kjem inn i skatteinnfordringa som folkevald organ. Dette utvalet vurderer og avgjer søknader om endring i skatteutskrivninga. Dette organet har liten innverknad på innfordringa. Slike organ må ein vel få også med statleg innfordring.



At det vil verte omstillingskostnader ved statleg innføring vil vere eit faktum. Kor store slike kostnader vil verte er uklare.

At det ut frå generelle rettsprinsipp er viktig å skilje utlikning av skatt og innføring av skatt er vel reelt sett ikkje noko sterkt argument for framleis kommunal innføring. Slikt skilje må kunne oppretthaldast også ved eventuell statleg innføring.

At kommunal skatteinnføring skulle tilseie auka insitament for eigne inntekter synest med dagens skattefordelingssystem å vere lite relevant. Når ein får tilbakeført andel av selskapsskatten kan dette verte meir relevant. Det same kan gjelde dersom skatten stadig skal utgjere ein auka andel av kommunen sine inntekter. For kommunane vert det mest spørsmål om å få mest mogleg inntekter, kvar dei kjem frå vert mindre relevant. Dette styrer staten fullt ut allereie.

Det som etter rådmannen si vurdering er dei reelle argumenta for framleis kommunal innføring er:

- synergieffektane mot anna kommunal innføring
- distriktpolitiske omsyn
- omsyn til dei personar dette vil angå

I dei fleste kommunar utgjer skatteinnføringskapasiteten nokre få årsverk. Kommunane innfordrar elles andre inntekter gjennom avgifter, gebyr og andre betalingsordningar. Uansett korleis skatteinnføringa vert organisert må kommunen ha innføringskompetanse og -kapasitet. Bortfall av skatteinnføringa vil i små fagmiljø føre til ei svekking. Synergieffekten kan då reduserast og indirekte før til auka kostnader for kommunen.

Statleggjering av oppgåver fører elles oftast til sentralisering. Dette kan bety at arbeidsoppgåver og arbeidsplassar vert flytta frå kommunane og inn mot sentrale område. Dette er ordningar dei fleste distriktskommunane er imot. Frå statleg hald vert det samtidig arbeid for å flytte statlege arbeidsplassar ut i distrikta. Her er det såleis to omsyn som arbeider mot kvarandre.

Statleg skatteinnføring vil angå arbeidsplassar og dermed også situasjonen for dei som rundt i kommunane er tilsette for å utføre dette arbeidet. Slik sett så kan ei omorganisering til statleg skatteinnføring verke negativt for enkelte tilsette, andre kan derimot sjå positivt på ei slik endring.

X X X


Saka dreier seg om kva ordning for skatteinnføringa som vil verte best. Sakleg sett heller rådmannen her til at ei statleg innføring vil vere mest rettferdig, lik for alle kommunane og effektiv. Dagens fordelingssystem for skatt gjev heller ingen stor motivasjon for at kommunal innføring i nokon grad vil auke dei kommunale inntektene.

Ein står då att med at det er synergieffektar, distriktpolitiske omsyn og omsyn til berørte personar som talar for kommunal skatteinnføring.

I ein pressa kommunal kvardag må ein stadig vurdere kva som er viktige kommunale oppgåver. For kommunane vil det slik sett vere viktigare at ein får nok inntekter framfor å drøfte kven som kan innføre desse.

Rådmannen er etter dette noko usikker på om argumentasjonen for framleis kommunal skatteinnføring er så sterk og relevant, men ein må likevel kunne sjå saka frå andre synsvinklar.

Rådmannen vel å legge saka fram utan innstilling.


Erling Solsletten
rådmann